

**Samarbeidsutvalet ved Kaland barnehage**  
**Vardevegen 47**  
**5953 Fønnes**

Til Austrheim formannskap

### **Uttale til sak 077/14**

SU ved Kaland barnehage er gjort kjent med saka som var lagt fram for formannskapet 09.04.2014 når det gjeld endring i vedtekter for barnehagane i Austrheim. SU ser positivt på at vedtektene vert endra i samsvar med nye retningslinjer for opptak og gjeldane lovverk.

SU støttar framlegg til vedtak slik det ligg føre.

### **Uttale til sak 078/14**

SU er og gjort kjend med saka som gjeld endring av bemanningskabal i barnehagane i Austrheim. Vi ser det som svært positivt at bemanninga vert styrka slik at meir personale er til stades på avdelingane større del av dagen. Dette vil vere med å auke kvaliteten på det pedagogiske tilbodet til borna og vil gjere barnehagane i Austrheim meir attraktive som arbeidsplass. Å rekruttere og behalde eit godt kvalifisert personale ser vi som svært viktig.

SU støttar framlegg til vedtak slik det ligg føre.



Ragnhild Løyte Johansen  
Leiar